


---

# Årsrapport 2010

## Hardangervidda Fjelloppsyn



# **FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjelleva og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:**

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjø til at grunneigar og rettighetshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf instruks godtkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit og samarbeider med politiet, statens naturoppsyn, og vernemyndigheitene.

## **Harangervidda Fjelloppsyn as**

Hovudkontor, Voss

Pb 562, 5703 VOSS

Tlf: 90213630

E-post: [hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no](mailto:hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no)

Heimeside: [www.harangervidda-fjellstyra.no](http://www.harangervidda-fjellstyra.no)

## Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2010.

Fjelloppsynet har ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 4 årsverk i 2010.

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad er medeigar i Hardangervidda Fjelloppsyn. Det er opp til den einskilde grunneigar om ein ynskjer å nytte Fjelloppsynet til oppdrag av privatrettsleg karakter. Hardangervidda Grunneigarsamskipnad er representert i styret for fjelloppsynet.

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruksdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn. Noko av arbeidet er betalt av Stiftelsen Unifob, Universitetet i Oslo, Norges Vassdrags-og Energidirektorat, Hardangervidda villreinutval samt Norsk institutt for naturforskning.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Me vil takke oppragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet.

Vinje januar 2011

Sigurd Gudmundsen /s/  
Styreleiar

Sveinung Hylland Olsnes  
Kst. dagleg leiar

## **Innhald**

<b>1. Oppsynsarbeid .....</b>	<b>5</b>
1.1 Jakt.....	5
1.2 Fiske .....	5
1.3 Motorferdsel .....	5
1.4 Reaksjonsstatistikk .....	6
1.5 Sårbare artar.....	6
1.6 Kulturminner .....	6
1.7 Naturvernområder.....	6
<b>2. Fjellredningsarbeid .....</b>	<b>7</b>
<b>3. Informasjonsarbeid .....</b>	<b>8</b>
3.1 Generelt .....	8
3.2 Informasjonssentral på Tinnhølen .....	8
3.3 Heimeside .....	8
<b>4. Rekrutteringsarbeid.....</b>	<b>9</b>
4.1 Generelt .....	9
4.2 Særskilde arrangement .....	9
<b>5. Registreringsarbeid .....</b>	<b>9</b>
5.1 Registrering av villrein – RV 7 .....	9
5.3 Registrering av hilokalitetar for fjellrev .....	9
5.4 Ørekyteovervåkning .....	10
5.5 Vassprøver frå vassdrag med finprikkaure.....	10
5.6 Registrering av kulturminner.....	10
5.7 Snømålingar.....	10
5.8 Strukturtelling av villrein .....	10
5.9 Rovviltkontaktarbeid .....	11
<b>6. Skjotselsarbeid.....</b>	<b>11</b>
6.1 Arbeid i verna områder.....	11
6.2 Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	11
6.3 Arbeid for Røldal fjellstyre .....	12
6.4 Arbeid for Ulvik fjellstyre .....	13
6.5 Arbeid for Ullensvang fjellstyre .....	14
6.6 Arbeid for Odda fjellstyre .....	14
6.7 Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre .....	15
6.8 Arbeid for Rauland fjellstyre.....	16
6.9 Beitestudie .....	17
<b>7. Sekretariat.....</b>	<b>17</b>
7.1 Rypeprosjektet på Hardangervidda .....	17
<b>8. Organisasjonen .....</b>	<b>18</b>
2.1 Generalforsamling .....	18
2.2 Styret.....	18
2.3 Tilsette .....	18
<b>Vedlegg 1 .....</b>	<b>19</b>
<b>Tjenestekjøp frå Statens naturoppsyn .....</b>	<b>19</b>
<b>RAPPORT FRÅ TENESTEYNTAR .....</b>	<b>20</b>
<b>Vedlegg 2 .....</b>	<b>23</b>
<b>Tjenestekjøp frå Fjellstyra .....</b>	<b>23</b>

# 1. Oppsynsarbeid

## 1.1 Jakt

### Villreinjakt

Hardangervidda Fjelloppsyn sto som tidlegare år for ein stor del av det feltmessige villreinjaktoppsynet på Hardangervidda. Arbeidet føregjekk i samarbeid med Politiet og SNO. Aktiviteten under villreinjakta er gjort nærare greie for i eigen rapport.

Mannskap frå fjelloppsynet deltok også under villreinjaktoppsynet i Brattefjell-Vindeggen villreinområde.



Harald N.Andersen med kikkert på Lakadalskongen. Foto: Georg Gjøstein, HF

### Småviltjakt

Kontroll av småviltjegerar føregjekk hovudsakleg samstundes med oppsynet med villreinjakt i statsallmenningane. Det er og utført reine kontrollar på småviltjakt i Røldal, Øvre Numedal og Eidfjord. Kontroll av jaktkort, jegeravgiftskort og våpenkort blir rutinemessig utført.

## 1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskerar på ulike deler av vidda og fiskekort blir jamnleg sjekka. I 2010 var det sett av særskild tid til kontrollar i Tinnhølområdet, Geitvassdalen og i Røldal statsalmenning. Garnfisket i Tinnhølen har også vorte fylgd opp.

## 1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har gjennomført særskilde kontrollar under leiing av politiet på oppdrag for SNO. Aktiviteten i 2010 føregjekk hovudsakeleg i Vinje. Sommarstid er det gjennomført kontrollar på bilar i nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende traktorsleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.

## 1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 2. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte					
	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Motorferdsel	10	30	66	25	26	66
Småviltjegerar	7	15	10	10	34	30
Storviltjegerar villreinjakt/elgjakt	51	60	57	64	68/4	112/6
Fiskerar	10	26	22	48	54	16
<b>SUM</b>	<b>78</b>	<b>131</b>	<b>155</b>	<b>147</b>	<b>186</b>	<b>230</b>

Tabell 3. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar					Antall anmeldelsar				
	2010	2009	2008	2007	2006	2010	2009	2008	2007	2006
Motorferdsel			3	5			4	9	1	1
Småviltjegerar			5	2	6					
Storviltjegerar	3		1	3	1	1	1	2		1
Fiskerar		1	2						1	1
Bandtvang	2			10			1			
<b>SUM</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>14</b>	<b>20</b>	<b>7</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>11</b>	<b>2</b>	<b>3</b>

## 1.5 Sårbare artar

Fjellopsynet har helde oppsyn med hekkelokalitetar for rovfugl i Buskerud samt delteke med mannskap på rovfuglregistrering i Hordaland.

## 1.6 Kulturminner

Fjellopsynet held generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken. I 2010 vart det også utført omfattande registreringar som er gjort greie for under pkt 5.6.

## 1.7 Naturvernområder

Fjellopsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark og den delen av Hallingskarvet nasjonalpark som soknar til Ulvik kommune, samt tre landskapsvernområde. Sjå tabell 1

Tabell 1. Naturvernområder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2010

<b>Vernområder i Telemark:</b>	<b>Kommune</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
<b>Verneområde i Hordaland</b>	<b>Kommune</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odda</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Bjøreidalen naturreservat</i>	<i>Eidfjord</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernør</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>
<b>Verneområder i Buskerud</b>	<b>Kommune</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>



Skaupsjøenuten gjev god utsikt over nordaustvidda. Foto: Georg Gjøstein

## 2. Fjellredningsarbeid

Ein medarbeider i Fjelloppsynet bisto, på oppdrag for SNO, politiet og Røde kors i samband med fjellredningsarbeid. Dette gjaldt deltaking i fjellredningsgruppa i Vinje og, instruksjon under politiets vinterkurs på Songa.

### 3. Informasjonsarbeid

#### 3.1 Generelt

I kontakten med publikum er det ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon. Samla er det gjeve informasjon til om lag 500 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

#### 3.2 Informasjonssentral på Tinnhølen

Fjelloppsynet drifta informasjonssentralen med fast opningstid i 3 dagar i veka i juli og fyrste del av august. Arbeidet føregjekk frå fjellstyrehytta på Tinnhølen, og i eit rom i hytta var det lagt fram brosjyrer om nasjonalparken m.m. Utanfor hytta var det sett opp ein lavo med høve til informasjonsarbeid retta mot ungar.

Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Ved sidan av norske statsborgerar var folk frå Tyskland, Nederland, Tsjekkia, England, Belgia, Frankrike, Danmark, Sverige, Italia og Polen innom. Det vart loggført 305 personar som var innom sentralen. I tillegg vert det informera mange i felt rundt Tinnhølområdet. Denne statistikken er innlemma i vår øvrige infostatistikk.



Informasjonssentralen i Fjellstyrehytta ved Tinnhølen. Foto: Sveinung Olsnes

#### 3.3 Heimeside

Fjelloppsynet har hatt redaktørarbeidet og gitt informasjon til heimesida til Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda. Det har vore artiklar om pågåande arbeid i regi av fjelloppsynet og meldingar snø og isforhold med meir.



## 4. Rekrutteringsarbeid

### 4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

### 4.2 Særskilde arrangement

Personell frå Fjelloppsynet har vore med å arrangert villmarkshelg for ungdom i Isdalen i Eidfjord.

Fjelloppsynet har arrangera jegerprøvekurs i Ulvik i samarbeid med Ulvik Fjellstyre med 12 deltakerar.

## 5. Registreringsarbeid

### 5.1 Registrering av villrein – RV 7

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa data om villreinen sine bevegelser i høve til RV 7 i tråd men instruks frå Direktoratet for naturforvaltning. Villreinen vart lokalisert ved hjelp av radiotelemetri. Arbeidet føregjekk dels ved radiopeilig frå RV7 i bil og dels med snøscooter som framkomstmiddel.



Georg Gjøstein lokaliserar radiomerka villrein. Foto: Sveinung Olsnes

### 5.3 Registrering av hilokalitetar for fjellrev

Personell frå fjelloppsynet gjennomførte synfaring og beskrivelse av hilokalitetar for fjellrev i Ulvik, Vinje, Ullensvang, Eidfjord, Nore og Uvdal og Hol. Resultata blir teke inn i hi-databasen til NINA.

## 5.4 Ørekyteovervåkning

Det vart sett ut ørekyteruser i det rotenonbehandla området ved Stigstuv. Rusene vart kontrollert. Det var fangst av ørekyte i ei av rusene. Det vart utført feltkontroll med hjelp av el-apparat utan resultat.

## 5.5 Vassprøver frå vassdrag med finprikkaure

Det er samla inn vassprøver frå Svartavasstjørna, Svartavatnet, Drageidfjorden og ein bekk i nærområdet 5 gonger i 2010 på oppdrag frå stifelsen Unifob.

## 5.6 Registrering av kulturminner

Eit omfattande arbeid med registrering av kulturminner i Hardangervidda nasjonalpark vart påbegynt i 2009. Dette arbeidet vart vidareført i 2010. Det vart gjort oppmålingar, registrert opplysningar og laga fotodokumentasjon av ei rekkje objekt. I 2010 har hovudfokuset vore på fangstinnretningar. Arbeidet føregjekk i Vinje, Eidfjord, Ullensvang og Odda. Arbeidet skjedde i samarbeid med kulturminnemyndigheitene på oppdrag for SNO.

## 5.7 Snømålingar

Fjellopsynet bistod Norges Vassdrags og Energidirektorat med måling av snødjubder på Hardangervidda. Resultata skal nyttast ved utarbeiding av ein ny metodikk for måling av snømengder.



Personell frå HF bisto NVE i fbm snømåling på Hardangervidda Foto: Sveinung Olsnes

## 5.8 Strukturtelling av villrein

Personell frå Fjellopsynet bisto Villreinutvalet og NINA med strukturtelling av villrein på Hardangervidda. Det vart tald til saman 3067 dyr og arbeidet føregjekk i Vinje.

## 5.9 Rovviltkontaktarbeid

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovviltkontaktarbeid for SNO i Hordaland og Vinje, Tokke og Kviteseid kommunar i Telemark. Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid.

## 6. Skjøtselsarbeid

### 6.1 Arbeid i verna områder

#### Informasjonsplakatar, tavler og verneskilt


Hardangervidda Fjelloppsyn as stod for vedlikehald av infotavler ved Songavegen, Haukelisæter, Jøndalen, Husedalen og Tuva. Det vart utført beising og vedlikehald.

Det vart kontrollera og vedlikehalde ei rekkje verneskilt i nasjonalparken med tilhøyrande verneområde. Det vart dela ut og montera informasjonsplakater på turisthytter.

Desse oppdraga vart utført på oppdrag for SNO.

### 6.2 Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 363 timeverk for Eidfjord fjellstyre. Det er nytta mest tid til prøvefiske, fiskeoppsyn og informasjonsarbeid.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

#### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjellopsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannvertilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat og brannsløkkingsapparat. Båtane til fjellstyret er teke opp og lagt i vinteropplag. Alle hyttene vart feia i 2010.

### **Anna**

Det er køyrt inn gass og ved til fleire av hyttene og søppel er transportert ut. Det vart nytta ein del tid til opprydding rundt hytta på Gamle Sandhaug der det vart transportera ut mange lass med avfall og overskotsmaterialar.

### **Fiskeundersøkingar m.m.**


Det vart gjennomført prøvefiske i Langavatnet. Det er her samla inn omfattande materiale som er overlete til Fjellstyret. Det rotenonbehandla området ved Stigstuv vart overvåka med ørekyteruser.



Fjellopsynet gjennomførte prøvefiske i Langavatnet . Foto: Georg Gjøstein

## **6.3 Arbeid for Røldal fjellstyre**

Totalt har Hardangervidda Fjellopsyn as utført 151 timeverk for Røldal fjellstyre. Det er nytta mest tid til småviltoppsyn og fiskeoppsyn. Deretter kjem tilsyn med hytter og villreinjaktoppsyn.




Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjellopsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Det er utført rutinemessig kontroll med solcelleanlegg og naudsynt vedlikehald av desse.

## 6.4 Arbeid for Ulvik fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjellopsyn as utført 437,5 timeverk for Ulvik fjellstyre. Det er nytta mest tid til sekretariat, arbeid på hytter og tilsyn med hytter.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar. Det er utført feiing på hyttene.

Utført vedlikehald og arbeid på hytter


Beising av hytta i Søre Grøndalen, Bygging av ny utedo på Ripsebu

### Fiskekultivering

Det vart sett ut fisk på Osafjellet i ulike vatn.

## 6.5 Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 474,5 timeverk for Ullensvang fjellstyre inklusive arbeidet for Fellesstyret. Det er nytta mest tid til sekretariatet, transportoppdrag og villreinjaktoppsyn.




Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

### Generelt tilsyn

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og delteke i vinterklargjering.

## 6.6 Arbeid for Odda fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 169 timeverk for Odda fjellstyre inklusive arbeidet for Fellesstyret. Det er nytta mest tid til sekretariat for Fellestyret. Vidare er det utført informasjonsarbeid og villreinjaktoppsyn.




Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

### Generelt tilsyn

Fjelloppsynet har helde tilsyn med fjellstyrehyttene.

## 6.7 Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 1053,5 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre. Det er nytta mest tid til sekretariat og tilsyn med hytter.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

### Generelt tilsyn

Fjellopsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Ordinært tilsyn er utført og det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar.

Vedlikehald:


Det vart lagt nytt tak på Kolven på den delen som ikkje var ferdigstilt.  
Det vart lagt torv på hytta på Ribbohøe og elles utført diverse vedlikehald her.



Helge Bitustøyl og Georg Gjøstein legg torv på Ribbo. Foto: Hans Jørgen Jahren

## 6.8 Arbeid for Rauland fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjellopsyn as utført 149 timeverk for Rauland fjellstyre. Tida er brukt til sekretariat, informasjonsarbeid og villreinjaktoppsyn.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.





Naustet ved Store Meinsvatn vart teke i bruk i 2010 Foto: Rauland Fjellstyre

### **Generelt tilsyn og brannvernarbeid**

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslökkingsapparat og brannvaslarar.

### **6.9 Beitestudie**

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i eit husdyrbeitestudie i Hol på oppdrag frå Universitetet i Oslo. Det vart også transportert ut saltstein.

## **7. Sekretariat**

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre
- Øvre Numedal fjellstyre
- Ullensvang fjellstyre
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik fjellstyre

Fjelloppsynet har også hatt sekretærfunksjonen for Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda.

### **7.1 Rypeprosjektet på Hardangervidda**

Fjellstyra på Hardangervidda og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad har starta opp eit rypeprosjekt. Prosjektet er tenkt over 4 år og har som målsetjing å samle god informasjon om forvaltning av ryperessursen på vidda, samt gjere naudsynte tiltak for å betre situasjonen for rypa på ein berekraftig måte. Prosjektet startar opp i 2011 dersom naudsynt finansiering kjem på plass. Her er Fjelloppsynet tenkt tenkt ei rolle som prosjektleiar. Det er søkt viltfonda i kommunane og fylkeskommunane om prosjektmidlar.

## 8. Organisasjonen

### 2.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn as er fjellstyra på Hardangervidda og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad sitt driftsselskap og er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2010 vart arrangert i Vinje 28. juni.

### 2.2 Styret

Styret var samansett av styreleiar Sigurd Gudmundsen og styremedlemene Liv I. Myklatun , Steinar Langesæter og Knut Erik Jordstøyl. Styret har handsama 11 saker i 2010.

### 2.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2010 og ein midlertidig tilsett (tabell 4.) Trine Hilstad har vore tillitsvald og verneombud. Hardangervidda Fjelloppsyn as er medlem i Hallingdal og Valdres Bedrifthelsetjeneste.

Tabell 4. Tilsette i 2010

<b>Tilsett / kontorstad</b>	<b>Stillingstorleik</b>
Georg Gjøstein , Voss	50 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	70,8%
Harald Normann Andersen	70 %
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	100 %
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	70%
Helge Bitustøyl, Rauland	25%
Sten-Rune Jensen, Uvdal	Midlertidig tilsett (2månader)

## Vedlegg 1

### Tjenestekjøp frå Statens naturoppsyn

Tabell 1. Antall timeverk fordelt temavis

Tema	Timeverk			
	Hordaland	Buskerud	Telemark	SUM
Kontroll av motorferdsel	7	0	71	<b>78</b>
Oppsyn med villrein Rv 7 – radiotelemetri				<b>273,5</b>
Registrering av kulturminner	113,5		62	<b>175,5</b>
Registrering av fjellrevhi	120,5	13		<b>133,5</b>
Oppsyn med sårbar fauna (hekkelokalitetar m.m.)	15	35,5	17,5	<b>68</b>
Oppsyn og skjøtsel små verneområde (ikkje jakt)	9		20	<b>29</b>
Fjellrev Finse	29			<b>29</b>
Rovviltkontaktarbeid	55		37	<b>92</b>
Redningstjeneste			74,5	<b>74,5</b>
Kulturminnekurs			91,5	<b>91,5</b>
Tilsyn med kiting	21			<b>21</b>
Vedlikehald infotavler og verneskilt	9,5	10	21	<b>40,5</b>
Oppsyn under villreinjakta				<b>1181</b>
Kontorarbeid rovviltkontaktar og anna arbeid				<b>336</b>
<b>SUM totalt</b>				<b>2623</b>

#### Kostnad:

Omfanget av tjenestekjøpet frå Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2009 er som følger:

2145,5 timar feltarbeid a`	kr 565,70	kr 1 213 709,35
336 timar kontorarbeid a`	kr 411,40	kr 138 230,40
25% MVA		kr 337 984,94
<b>SUM</b>		<b>kr 1 689 924,69</b>

(Her er Fjellstyra sin andel av Villreinjaktoppstyret fråtrekt)

# RAPPORT FRÅ TENESTEY TAR

Frå Hardangervidda Fjellopsyn i anledning tenestekjøp  
for perioden 2010  
i geografisk område Hardangervidda og tilgrensande område

## Samandrag av feltdagbok for utførte oppdrag/ turar:

### 1. Totalt tal dagar i felt:104

### 2. Arbeidstid:

Timeverk			
Oppsyn i felt	Reise/klargjering	Kontor/administrasjon	Sum
1865	424,5	336	2623

Kilometer totalt						
Bil	Snøskuter	ATV	Fots/ski	Fly	Båt	Totalt
16643,5	3173		1403,5	100	382	21702

### 3. Arbeidet er utført av:

Georg Gjøstein 140670  
Sveinung Olsnes 121076  
Trine Hilstad 210259  
Harald N. Andersen 230671  
Helge Bitustøyl 220650  
Sten Rune Jensen

### 4. Publikumskontakt/reaksjonsstatistikk:

Reaksjonsstatistikk				
Kontrollerte	Informerte	Åtvaring	Melding	Søk/redning
73	227	4	1	

### 5. Utviklingstrekk, kort omtale:

Våre medarbeidarar har sett fokus på fylgjande utviklingstrekk i sin utføring av oppsynstenester:

- Båndtvang: veldig mykje lause hundar i nasjonalparken og utanfor. Stort sett hundar som går i umiddelbar nærleik til eigar. Dette har det vorte gjeve advarsjar på.
- Ein del område utmerkar seg særskilt som problemområde for søppel. Desse områda går att år etter år. Særskilt kan nemnast: Djupa frå Langavatnet til Tinnhylen, Frå Mår opp langs Hette, Langs kvenna frå Argehovd (toalettpapir og søppel på teltplassar), Langs lågen frå Bjornesfjorden.
- Det er og mykje gamle og utrangera båtar rundt om som burde vore fjerna. Sjølvstakt ei utfordring i høve til eigarskap
- Det er svært mykje turistar i området Tinnhylen. Her er det i fyrste rekkje problem i høve til køyring gjennom bommen til Byen og enkelte også på slepa mot Sandhaug. Det er generelt stort informasjonsbehov i dette området.
- Oppsynet med reinsjaktta vert rapportera å vere roleg utan dei store problema.

### 6. Oppdrag og tiltak som er særskilt avtalt (for kvart oppdrag):

**Tilsyn med villrein/RV7:**

Arbeidet vart utført saman med SNO personell i vintersesongen. Det vart ikkje registrera forsøk på kryssingar i år. Viser elles til løpande kontakt under utføringa av arbeidet. Det vart nytta om lag 28 dagsverk til dette arbeidet. Dette er eit arbeid som HF håpar å kunne få delta i framover.

**Tilsyn med kiting:**

Det vart utført tilsyn i samband med kitearrangement langs rv7 i samarbeid med Petter Bråten. 2 dagsverk. Ein aukande aktivitet som me gjerne held oppsyn med i åra som kjem.

**Motorferdslekontrollar:**

Det vart lagt opp til motorferdslekontrollar i alle 3 fylka rundt vidda. Her visar det seg at det kun er Telemark som får flyt i desse oppdraga og som får gjennomført dette etter oppsett plan. I Buskerud har dei gåande eit POP-prosjekt, men dette fungerer ikkje etter intensjonen. I Hordaland har og planane vore prega av avlysingar. Det har vorte nytta 8 dv i Telemark, 0 dv i Buskerud og 0 i Hordaland (7 timar til planlegging av årets kontrollar) Ein håpar derfor at ein kan arbeide for eit meir stabilt opplegg i Buskerud og Hordaland seinare år.

**Redningsteneste:**

Det har vorte nytta til saman 8 dv ifbm redningsteneste/vinterkurs for politiet i Telemark. Dette er ei interessant og samfunnssteneleg oppgåve som me gjerne ser vidareført.

**Oppsyn med hekkelokalitetar i Buskerud og Hordaland:**

Det er nytta til saman 6 dagsverk til dette. Ein aktivitet som me gjerne ser vidareført i åra som kjem.

**Kulturminneregistrering:**

Det er nytta til saman om lag 18 dagsverk til dette arbeidet pluss rapportskriving. Ei oppgåve me gjerne ser vidareført og som til dels høver godt saman med fjellrevregistrering og andre registreringsoppgåver.

Det vart nytta 9 dagsverk til kurs i kulturminneregistrering. Eit svært nyttig kurs med gode kurshaldarar.

**Fjellrevarbeid:**

Det vart utført 1 dagsverk i vintersesongen mot utsett fjellrev på Finse. Dette er eit arbeid ein håpar kan verte utvida og som vår medarbeidar i Ulvik kan brukast til i åra som kjem.

Det er nytta til saman ca 14 dagsverk til dette arbeidet. Interessant arbeid som høver godt å kombinere med andre registeringsoppgåver.

**Infotavler/verneskilt/informasjonsplakatar:**

Det er nytta til saman 7 dagsverk til dette i tillegg til ein del telefonarbeid og epostar. Arbeidet er slutført etter utlevera liste. Her er det trong for jamnlege oppfølgingar pga stor slitasje på tavler og verneskilt. Det er og registrera hververk/tjuveri av verneskilt.

**Rovviltkontaktarbeid:**

HF har rovviltkontaktansvar i delar av Hordaland og delar av Telemark. Her vert rapporteringa og kontakten halden mot dei ulike rovviltansvarlege i SNO Hordaland og Telemark. Det har vorte nytta til saman 62,5 timar i Telemark og 112,5 timar i Hordaland i 2010.

## Villreinjakttoppsynet

Det er nytta til saman 107 dagsverk i felt i oppsynsteneste. I tillegg kjem rapportskriving og oppsynssamling. Det er og nytta ein del timar til transport av personell inn og ut frå jakttoppsyn. Då hovudsakeleg med båt på Songa og Møsvatn.

Det er og nytta 4 dagsverk i felt i Brattefjell Vindeggen lvo.

### 7. Nye oppsynsbehov og prioriteringar, kort vurdering:

- Fokus på søppel i problemområda som nemnd i pkt 5
- Kartlegge båtar som bør ut av parken jfr punkt 5
- Fokus på båndtvang i nasjonalparken
- Auke informasjonsarbeidet på Tinnhylen sommarstid
- Vurdere informasjonsarbeid på Finse vinterstid jfr infoarbeid på Tinnhylen
- Få til betre skilting og informasjon omkring køyring til Byen og slepa til Sandhaug

### 8. Konkrete eller prinsipielle forslag til forbetring av oppsynsarbeidet.

- Opprette samarbeid mot SNO Hallingskarvet (makkerteneste der det er naudsynt)
- Delta i fjellrev arbeidet på Finse/Ulvik Statsallmenning
- HF må verte betre på rapportering i hht oppsette fristar og etter gjennomførde oppdrag

Vinje 10.01.11

Sveinung Olsnes/s/  
Kst. Dagleg leiar

# Vedlegg 2 Tjenestekjøp fra Fjellstyra

## Tjenestekjøp 2010

Rauland

### Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:				
Småviltjakt:				
Villreinjakt:	3,86			
Anna: Info	4	<b>566,50</b>	<b>7,86</b>	<b>5565,90</b>
		<b>+mva</b>		
<b>SKJØTSEL, ikke inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:				
Tilsyn-hytter:	4			
Reperasjon/vedlikehold av hytter:				
Renovasjonsarb.:				
Anna:		<b>566,50+mva</b>	<b>4,0</b>	<b>2832,50</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	17			
Saksbehandling:	79			
Planarbeid:	39			
Anna kontorarbeid:	2	<b>412+mva</b>	<b>137</b>	<b>70555,00</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
Kurs :				
Infomateriell m.v.:		<b>412+mva</b>	<b>0,0</b>	<b>0</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
		<b>SUM</b>		<b>78953,40</b>

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
412+mva	<b>0</b>	<b>0</b>

### 3. Anna

Tillegskjøp,saksbehandling

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
412+mva		

<b>Totalkostnad</b>	<b>Kr</b>	<b>78953,40</b>
---------------------	-----------	-----------------

### Finansiering

#### 1. Refusjonsberettiga arbeid:

Refusjon fra  
Statskog, 50%  
Fjellstyret, 50%

Kr
<b>39476,7</b>
<b>39476,7</b>

#### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:

Fjellstyret, 100%

#### 3. Anna: Tillegskjøp saksbehandling

Fjellstyret 100%

<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>		<b>78953,40</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>	<b>Kr</b>	<b>39476,7</b>

# Tjenestekjøp 2010

Røldal

## Kostnader

	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:	30			
Småviltjakt:	65			
Villreinjakt:	18,73			
		<b>566,50</b>		
		<b>+mva</b>		
Anna: info	15		<b>128,73</b>	<b>91158,5</b>
<b>SKJØTSEL, ikke inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:				
Tilsyn-hytter:	20			
Reperasjon/vedlikehold av hytter:				
Renovasjonsarb.:				
Anna:		<b>566,50+mva</b>	<b>20</b>	<b>14162,5</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:				
Saksbehandling:				
Planarbeid:				
Anna kontorarbeid:	2	<b>412+mva</b>	<b>2</b>	<b>1030,0</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
Kurs :				
Infomateriell m.v.:		<b>412+mva</b>	<b>0,0</b>	<b>0</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
		<b>SUM</b>		<b>106351</b>

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
412+mva	<b>0</b>	<b>0</b>

### 3. Anna

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
412+mva	<b>0</b>	<b>0</b>

<b>Totalkostnad</b>	<b>Kr</b>	<b>106351</b>
---------------------	-----------	---------------

## Finansiering

### 1. Refusjonsberettiga arbeid:

Refusjon frå Statskog, 50%

**Kr**

**53175,5**

Fjellstyret, 50%

**53175,5**

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:

Fjellstyret, 100%

### 3. Anna:

Fjellstyret 100%

<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>	<b>Kr</b>	<b>106351</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>	<b>Kr</b>	<b>53175,5</b>



# Tjenestekjøp 2010

Øvre Numedal

## Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:	0			
Småviltjakt:				
Villreinjakt:	23,33			
Anna: info-Tinnhølen	25	<b>566,50</b>	<b>48,33</b>	<b>34223,7</b>
		<b>+mva</b>		
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utarbeid:</b>				
Synfaringar:	22			
Transport:	30			
Tilsyn-hytter:	61			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	20,73			
Renovasjonsarb.:	12			
Anna:	14	<b>566,50+mva</b>	<b>159,73</b>	<b>113108,8</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	107			
Saksbehandling:	94,35			
Planarbeid:	171			
Anna kontorarbeid:	110	<b>412+mva</b>	<b>482,35</b>	<b>248411,1</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.	3			
Kurs :	10			
Infomateriell m.v.:	8	<b>412+mva</b>	<b>21</b>	<b>10815,0</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
		<b>SUM</b>		<b>406558,6</b>

2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m.	412+mva	<b>76,0</b>	<b>39140,0</b>

3. Anna	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Tilleggskjøp saksbehandling	412+mva	240,64	<b>123929,6</b>
Tilleggskjøp vedlikehald hytter	566,50	25,27	<b>17894,3</b>
<b>Totalkostnad</b>	<b>Kr</b>		<b>587522,5</b>

## Finansiering

		Kr
<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	<b>203279,3</b>
	Fjellstyret, 50%	<b>203279,3</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%	<b>39140,0</b>
<b>3. Anna:</b>	Tilleggskjøp sekretariat	<b>123929,6</b>
	Tilleggskjøp feltarbeid	<b>17894,3</b>
	<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>	<b>587522,5</b>
	<b>Kostnad for fjellstyret</b>	<b>Kr 384243,2</b>

# Tjenestekjøp 2010

Ulvik

## Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:				
Småviltjakt:				
Villreinjakt:	20,6			
Anna: info	11	<b>566,50+mva</b>	<b>31,6</b>	<b>22380,5</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utarbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:	10			
Transportoppdrag:	23,5			
Tilsyn-hytter:	19			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	55,5			
Synfaringar:				
Renovasjon og anna:	16	<b>566,50+mva</b>	<b>124</b>	<b>87807,5</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	36			
Saksbehandling:	108			
Planarbeid:	40			
Anna kontorarbeid:	98	<b>412+mva</b>	<b>282</b>	<b>145230,0</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
Kurs :				
Infomateriell m.v.:				
		<b>412+mva</b>		
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
		<b>SUM</b>		<b>255418</b>

## 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
412+mva	<b>0</b>	<b>0</b>

## 3. Anna

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
412+mva		<b>0</b>
<b>Totalkostnad Kr</b>		<b>255418</b>

## Finansiering

		Kr
<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	<b>127709</b>
	Fjellstyret, 50%	<b>127709</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%	
<b>3. Anna:</b> sekretariat	Fjellstyret 100%	
<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>		<b>255418</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>	<b>Kr</b>	<b>127709</b>

# Tjenestekjøp 2010

Ullensvang

## Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:				
Småviltjakt:				
Villreinjakt:	28,82			
Anna: info	22	<b>566,50 +mva</b>	<b>50,82</b>	<b>35989,9</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:	25			
Tilsyn-hytter:	3,75			
Vedlikehald av hytter:				
Synfaring:				
Anna:		<b>566,50+mva</b>	<b>28,75</b>	<b>20358,6</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	14,25			
Saksbehandling:	91,75			
Planarbeid:	5,5			
Anna kontorarbeid:	268	<b>412+mva</b>	<b>379,5</b>	<b>195442,5</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innearbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
Kurs :				
Infomateriell m.v.:				
		<b>412+mva</b>		
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>251791,0</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid</b>				
Sal av jakt og fiskekort m.m.	15,5	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
		412+mva	15,5	7982,5
<b>3. Anna</b>				
Saksbehandling, tillegskjøp		Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
		412+mva		
<b>Totalkostnad Kr</b>				<b>259773,5</b>

## Finansiering

		Kr
<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	125895,5
	Fjellstyret, 50%	125895,5
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%	7982,5
<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>		<b>259773,5</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>	<b>Kr</b>	<b>133878,0</b>

# Tjenestekjøp 2010

Eidfjord

## Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:	59			
Småviltjakt:	11			
Villreinjakt:	31,22			
Anna: info Tinnhølen + ørekyte	39	<b>566,50 +mva</b>	<b>140,22</b>	<b>99294,0</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:	96,27			
Transportoppdrag:	42,5			
Tilsyn-hytter:	44			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	7			
Renovasjonsarb.:	14			
Anna:		<b>566,50+mva</b>	<b>203,77</b>	<b>144294,6</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	2			
Saksbehandling:				
Planarbeid:				
Anna kontorarbeid:	9	<b>412+mva</b>	<b>11</b>	<b>5665,0</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
Kurs :				
Infomateriell m.v.:		<b>412+mva</b>	<b>0,0</b>	<b>0</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>249253,6</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid</b>				
Sal av jakt og fiskekort m.m.				
		<b>412+mva</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>3. Anna</b>				
Tillegskjøp, Fiskekulturarbeid	7,73			
		<b>566,50+mva</b>	<b>7,73</b>	<b>5473,8</b>
<b>Totalkostnad Kr</b>				<b>254727,4</b>

## Finansiering

		Kr
<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	<b>124626,8</b>
	Fjellstyret, 50%	<b>124626,8</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%	
<b>3. Anna:</b>	Fjellstyret 100%	<b>5473,8</b>
Tillegskjøp feltarbeid		
<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>		<b>254727,4</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>		<b>Kr 130100,6</b>

# Tjenestekjøp 2010

## Kostnader

## Odda

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:				
Småviltjakt:				
Villreinjakt:	14,29			
Anna: info	11	<b>566,50 +mva</b>	<b>25,29</b>	<b>17909,5</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntekstgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:				
Tilsyn-hytter:	3,75			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:				
Renovasjonsarb.:				
Anna:		<b>566,50+mva</b>	<b>3,75</b>	<b>2655,5</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	5,75			
Saksbehandling:	29,75			
Planarbeid:	2,5			
Anna kontorarbeid:	102	<b>412+mva</b>	<b>140</b>	<b>72100,0</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
Kurs :				
Infomateriell m.v.:		<b>412+mva</b>	<b>0,0</b>	<b>0</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>92665,0</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid</b>				
Sal av jakt og fiskekort m.m.				
		Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
		412+mva	0	0

### 3. Anna

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
412+mva		0
<b>Totalkostnad</b>	<b>Kr</b>	<b>92665,0</b>

## Finansiering

		Kr
<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	46332,5
	Fjellstyret, 50%	46332,5
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%	
<b>3. Anna:</b>	Fjellstyret 100%	
	<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>	<b>92665,0</b>
	<b>Kostnad for fjellstyret</b>	<b>Kr 46332,5</b>

